



Norske Hus Boligsystem AS
NHB Bolig Vest
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3792 - 14/14779

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
06.10.2014

Godkjenning- Endring av gitt tillatelse oppføring av einebustad på gbnr 22/237 på Mjåtveit

Administrativt vedtak. Saknr: 276/2014

Tiltakshavar: Nesstun Byggconsult AS
Ansvarleg søker: Norske Hus Boligsystem AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1. Endring av gitt tillatelse, oppføring av einebustad, FELT B20, på gnr 22, bnr 237 på Mjåtveit

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 motteke 30.09.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld endring av gitt tillatesle frå 09.12.2014 (DNT-sak 485/13) for oppføring av einebustad på gnr 22, bnr 237 på Mjåtveit.

Endringa omfatter ein liten endring innvendig. Overbygget over terrassen mot vest i første og andre etasje er bygd igjen, slik at innvendig bruksarealet blir 4,1 m² større i begge etasjane. Det vil ikkje komme i koflikt med tillatt grad av utnytting av tomta.

Utvedig vil dette føre til ein mindre fasadeendring mot vest. Einebustaden er lagt 93 cm lenger vest på tomten enn opprinneleg søknad. Endringa kjem ikkje i konflikt med byggegrensa. Elles gjeld endringa hovudsak endring av ansvarsrettar.

Det er sendt inn ein revidert gjennomføringsplan, og revidert ansvarsrett frå Knarvikbygg 06.10.2014.

Det er sendt inn ny søknad om tilkopling til kommunalt VA-anlegg. Ansvarsretten for rørarbeid er endra, men ny søknad for tilkopling er ikkje naudsynt. Tidlegare godkjenning for tilkopling til kommunalt VA-anlegg er gjeldande. Endring av ansvarsrettar vert godkjend som omsøkt.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Nabovarsling:

Endringsøknad er ikkje nabovarsla, søknaden gjeld i hovudsak endring av ansvarsrettar, samt ei lita endring på planteikning og fasade. Meland kommune fritar søkjar frå nabovarsling med heimel i Plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 endring av gitt tillatelse for oppføring av einebustad på gbnr 22/237 i samsvar med søknad stempla motteke 30.09.2014.

Plassering av tiltaket skal skje som vist på vedlagte situasjonskart og profildeikningar motteke 30.09.2014. Overkant golv på grunnplanet og topp møne skal vera på kote 44,9 og 53,2 m.o.h. For plassering og høgde gjeld eit toleransekrav i horisontalt og vertikalt plan +/- 50 cm og +/- 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

For utforming av tiltaket elles vert det vist til vurdering og vedlagte fasade,- plan- og snitteikningar motteke 30.09.2014.

Byggjeløyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- Innan arbeida vert sett i gong må det sendast inn eit oppdatert situasjonskart i samsvar med matrikkelførte eigedomsgrenser. Ansvarleg søkjar må dertil sjå til at sistnemde grenser samsvarer med grensene som går fram av vedlagte situasjonskart. Ved reelle avvik må omsøkte plassering vurderast og eventuelt godkjennast på ny av kommuneadministrasjonen i høve til dei matrikkelførte grensene.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast. Slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Meland kommune krev at innmålingsdata vert sendt i KOF-fil eller SOSI-filformat. Dokumentasjonen skal sendast inn seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Opplysningar om bygget som kjem fram i søknaden vert regisrert for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Godkjenning av ansvarsrettar:

Føretak:	Godkjenningsområde:
Norske Hus Boligsystem AS Org. Nr: 976960823 Sentral godkjenning	SØK/PRO tkl 1 Fagområde: Ansvarleg søkjar, arkitekturprosjektering
Jatak Kaupanger As Org. Nr: 991780750 Sentral godkjenning	PRO tkl 1 Fagområde: Prosjektering av konstruksjonssikkerhet, tak, vegger og bjelkelag
Anko As Org. Nr: 980538613 Sentral godkjenning	PRO/UTF tkl 1 Fagområde: Plassering av nybygg, utstikk av bygg i marken. Kontroll måling
Bergen og omegn rørrinnstallasjon AS	UTF tkl 1

Org. Nr: 994882015 Sentral godkjenning	Fagområde: Utførelse av VVA
Magne Hope AS Org. Nr: 918366016 Sentral godkjenning	UTF tkl 1 Fagområde: Grunn, terreng og betongarbeider
Knarvik Bygg AS Org. Nr: 913017625 Sentral godkjenning	PRO/UTFKontroll tkl 1 Fagområde: Prosjekterende VVA. Overordnet ansvar for utførende av alle fag, unntatt grunn, betongarbeider og utstikking. Overordnet ansvar for kontroll av lufttetthet og membran

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av Plan- og bygningslova, så framt det ikkje følgjer anna av vedtaket her.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og Plan- og bygningslova, og etter delegert fullmakt frå rådmannen.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tillatelse til tilkopling og utføring av vann- og avløpsinstallasjon

Kart og teikningar

søknad om ansvarsrett og fullmakt

Søknad om endring av gitt tillatelse eller godkjenning

Situasjonskart og teikningar

Gjennomføringsplan og søknad om ansvarsrett

FAKTURAVEDLEGG 2014

Melding om enkeltvedtak og om rett til å klage over forvaltningsvedtak

22237